



MØTEPROTOKOLL

Utval: Naturutvalet
Møtedato: 20.10.2010
Møtetid: 16:00 - 19.00
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Sigmund Dyrhovden	Sven Tore Kulleseid

Andre som var til stades på møtet:

Plan- og miljøkonsulent Karen Tvedt, einingsleiar for teknisk Kenth Opheim, rådmann Tone Ramsli og ordførar Marit A Aase
Ass. Rådmann Hilde-Lill Vaage var til stades under sak 55 og under drøftingar om føresegner til kystsoneplan.
Norconsult v. Jannicke Neteland var til stades under drøftingar om føresegner knytt til strandsoneplan/kystsoneplan.

Merknader:

Utvalet sitt kvarter	Tidspunkt for bygging av fartshumper på Ytre Tysse Veglys på strekkja Haukaneset – Aldal Etterlysing av plan- og bygningslova Vedtak om bygging av kai på Steinsland
Drøftingar	Føresegner for kystsoneplan/strandsoneplan – prinsipielle avklaringar

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28.10.2010

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
050/10	10/533	Faste saker	
051/10	10/406	Delingssøknad gnr.18 bnr.7 Reistad	
052/10	10/389	Byggjesak garasje gnr 31, bnr 60 Grønsdal	
053/10	10/242	Byggjesak, påbygg og heving av tak på hytte gnr 34, bnr 43 Eikedal	
054/10	10/530	Søknad om bruksendring av naust gnr.44 bnr.67 Gaupholm (Nygård)	
055/10	10/136	Områdeplan for Bjørkheimsområdet - vurdering av avgrensing av området	

SAKNR. 050/10
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

20.10.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Nytilsett einingsleiar for teknisk Kenth Opheim vart presentert i møte.

Olaug Øystese orienterte frå regionalt møte om vassdirektivet. Samnanger er plassert i region Vest i Hordaland. Vassdirektivet inneber m.a. at ulike faktorar knytt til vatn frå fjell til fjord skal kartleggjast.

Ordføraren orienterte om eit møte på kommunehuset tysdag 26.10.10 kl 11.00 med presentasjon av BKK sine planar om overføring av vatn frå Øystesevassdraget til Svartavatnet. Sture Tveit deltek saman med ordførar.

Det var stilt spørsmål om einiskilde av sakene på utsendt oversikt over delegerte saker. I tillegg vart det opplyst at det vart gitt helikopterløyve til TV2.

Administrasjonen ønskte å få utvalet sitt syn på korleis ein skal handtera spørsmål om bruksendring frå heilårsbustad til fritidsbustad. Utvalet ba om å få seg førelagd spørsmålet som eiga sak.

Utvalet sitt kvarter:

Gunnar Bruvik stilte spørsmål om når fartshumpane kjem på Ytre Tysse.

Kenth Opheim opplyste at to permanente humpar og ein mellombels hump vil verta etablerte i løpet av 2 veker.

Bruvik spurde og om det vil koma ytterlegare veglyks på strekninga Aldal – Haukeneset då det på delar av strekninga er svært mørkt.

Det vart vist til tidlegare informasjon om tiltak på denne vegen knytt til etablering av Samnanger barneskule. Det vart då nemnd at alle tiltaka ikkje er gjennomførde enda.

Sture Tveit etterlyste ny plan- og bygningslova.

Han viste og til førre møte der det var reist spørsmål om kaianlegg på Steinsland er bygd i samsvar med vedtak. Han ba om at utvalet vart orientert om dette ved utsending av møteprotokoll.

NAT-050/10 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 051/10
DELINGSSØKNAD GNR.18 BNR.7 REISTAD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til frådeling av ein parsell på Gnr. 18 bnr.7.

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve delingsløyve av ein parsell på Gnr. 18 bnr.7.

Eigedomen kan delast etter jordlova § 12.

20.10.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Uttale frå landbrukskontoret vart delt ut i møtet.

Utvalet vedtok samrøystes framlegg til vedtak.

NAT-051/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova § 19 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen til frådeling av ein parsell på Gnr. 18 bnr.7.

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve delingsløyve av ein parsell på Gnr. 18 bnr.7.

Eigedomen kan delast etter jordlova § 12.

SAKNR. 052/10**BYGGJESAK GARASJE GNR 31, BNR 60 GRØNSDAL****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan og bygningslova § 19-1 vert det gjeve dispensasjon til bygging av ein garasje i LNF område på Gnr. 31 bnr.60 i Grønsdal

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til bygging av ei garasje i LNF område på Gnr. 31 bnr.60 i Grønsdal. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 07.07.2010.

Vedtak frå Statens vegvesen må også etterfølgjast.

20.10.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

I møtet vart det reist spørsmål ved at det var etablert ein veg heilt eller delvis fram til hytta.

Utvalet ønskte å få sjekka ut dette før det vert teke stilling i saka.

Leiaren sette fram framlegg om at saka vart utsett. Dette vart vedteke mot 1 røyst.

NAT-052/10 VEDTAK:

Saka vert utsett.

SAKNR. 053/10

BYGGJESAK, PÅBYGG OG HEVING AV TAK PÅ HYTTE GNR 34, BNR 43 EIKEDAL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 19 vert det gjeve dispensasjon til bygging av tilbygg og heving av tak i LNF område på Gnr.34 bnr.43 i Eikedal.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til bygging av tilbygg og heving av tak på Gnr.34 bnr.43 i Eikedal. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 06.05.2010.

Vedtaket frå Statens Vegvesen må også etterfølgjast.

20.10.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NAT-053/10 VEDTAK:

Med heimel i plan og bygningslova av 14 juni 1985 § 19 vert det gjeve dispensasjon til bygging av tilbygg og heving av tak i LNF område på Gnr.34 bnr.43 i Eikedal.

Med heimel i plan og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til bygging av tilbygg og heving av tak på Gnr.34 bnr.43 i Eikedal. Løyvet er gjeve i samsvar med søknad av 06.05.2010.

Vedtaket frå Statens Vegvesen må også etterfølgjast.

SAKNR. 054/10

SØKNAD OM BRUKSENDRING AV NAUST GNR.44 BNR.67 GAUPHOLM (NYGÅRD)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 20-1 vert det ikkje gjeve løyve til bruksendring til naust i LNF område/strandsonen på Gnr. 44 bnr.67 på Gaupholm (Nygård).

20.10.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Sture Tveit sette fram slikt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til utvida bruk av naust i LNF område/strandsonen på gnr 44 bnr 67 på Gaupholm (Nymark). Det vert ikkje løyve til å innreie kjøkken, bad eller andre løysingar i naustet.

Utvalet vedtok samrøystes framlegget frå Sture Tveit.

NAT-054/10 VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova 14 juni 1985 § 93 vert det gjeve løyve til utvida bruk av naust i LNF område/strandsonen på gnr 44 bnr 67 på Gaupholm (Nymark). Det vert ikkje løyve til å innreie kjøkken, bad eller andre løysingar i naustet.

SAKNR. 055/10

OMRÅDEPLAN FOR BJØRKHEIMSOMRÅDET - VURDERING AV AVGRENING AV OMRÅDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

20.10.2010 NATURUTVALET

Handsaming i møtet:

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Områdeplan vert utvida i samsvar med råd frå konsulenten. Området på nordsida vert avgrensa i tråd med framlegget frå Tveit i sak 9/10 i naturutvalet og på sørsida i samsvar med byggjeområde avsett i arealplanen.

Det vart røysta over framlegget frå Tveit. 3 røysta for framlegget og 4 mot. Fleirtalet ønskjer å halda fast ved vedtaket i naturutvalet i sak 9/10.

NAT-055/10 VEDTAK:

Vedtaket i naturutvalet sak 9/10 om avgrensing av arealet til områdeplan for Bjørkheim vert oppretthalde.

